# Kyrkjetonar



Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn Nr. 2/2024 - 66. årgang

***Syng for Gud! Lovsyng hans navn! Rydd vei for ham som rir gjennom ødemark! Herren er hans navn. Juble for ham!***

Salme 68, 5

**Framsidebiletet:**
***«På 17.mai sang barnekoret Glede-sprederen i Tysvær kyrkje. Her ser vi bilete av koret i aksjon. Foto: Steinar Høyvik.»***
*foto: Steinar Høyvik*


## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**
Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anita Syvertsen Are, Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 476 41 868

Girokonto: 1506.82.22874
**VIPPS-nummer: 523083**
Frivillig kontigent: kr. 300,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft


# Støtt Kyrkjetonar si drift

**redaktørens hjørne**

*Det kan framstå noko gammaldags å trykka nyhende på papir og distribuera til alle husstandar. Likevel er tilbakemeldingane frå dei som bur i Tysvær og Bokn så gode at me vel å fortsetja med fire årlege utgåver av Kyrkjetonar rett i postkassen.*

*Det kunne vore fort gjort å presentera kyrkja sitt arbeid, og det var begrensa til gudsteneste, vigsel og gravferd. Men kyrkja er så mykje meir, både kyrkja i Tysvær og Bokn og den verdsvide kyrkja – samlinga av kristne i heile verda.*

*Kyrkjetonar er eigd og drifta av sokneråda og fellesråda i Tysvær og Bokn. Inntektene kjem frå gåver/frivillig kontingent, kollekter og tilskot frå sokneråd og fellesråd. Alle dei frivillige som bidrar med tekst, bilder og distribusjon rundt i alle postkasser, er også ein enorm verdi.*

*I dette bladet, på side 5, finn du betalingsinformasjon om du ynskjer å bidra til at me også i framtida kan laga, trykka og distribuera Kyrkjetonar.*

*Ståle Hustoft*
*Redaksjonen avslutta 26. mai*

**Her kan du betale med vipps**

**523083**
Vipps-nummer

Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du gi ei gåve eller betala den *frivillige kontingenten til VIPPS-nummer 523083*

**Kyrkja i Tysvær og Bokn**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon: 476 41 868**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: post.tysver@kirken.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

**Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn**
**Tor Egil Eriksen**
Mobiltelefon: 404 00 686

**Sokneprest Nedstrand sokn**
**Dag Tormod Milje**
Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Førresfjorden sokn**
**Gjermund Lygre**
Mobiltelefon: 934 93 520

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**

**Diakon Synnøve Svensson Haakonseth**

**Ungdomsdiakon Lisbeth Skilhagen Haaheim**

**Menighetspedagog Hjørdis Kristina Støle**

**Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide**

**Menighetspedagog Kari Undheim**

**Organistar**
**Johannes Støle**
**Bergfrid Seibt**

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Ottar Krakk**
Mobiltelefon: 932 16 644
**Bokn kommune: May Jorunn Vatnaland**
Mobiltelefon: 950 62 816

**Administrasjonssekretær**
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein**
**Katrine Eide**

**Kyrkjetenarar**
**Odd Grønnestad:** *900 71 868*
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein***: 976 18 216*
**Eva Keller:** *936 75 972*
**Einar Selvåg**



# Landslova av 1274 - Eit storverk i norsk og europeisk historie

*av Ingvar Frøyland*

**Aksdal kyrkje søndag 22. september kl. 16.00:**

**Velkommen til ein historietime du vil hugse!**

I år er det 1000 år sidan kristenretten på Moster, og 750 år sidan me fekk Magnus Lagabøters landslov. Begge desse store hendingane har løfta kristen tankegang inn i det norske lovverket.

Kristenretten vart feira på Moster i vår, og i september får me besøk av professor Jørn Øyrehagen Sunde som fokuserer på landslova.

Kong Magnus 6. Lagabøter er kongen som ikkje skulle verta konge, og som vart ein av dei store lovgjevarane i norsk og europeisk historie. I staden for å få regjeringserfaring ved hoffet, vart han utdanna av fransiskanar-munkar. Kanskje difor fekk han eit annleis syn på samfunnet, og laga med Landslova av 1274 ei lovbok som prøvde å ta omsyn til både den med makt og dei makteslause, og dei som levde, og framtidige generasjonar. Landslova kombinerte eldre norsk rettstradisjon med tankar utvikla i europeisk teologisk filosofi.

Sanning, rettferd, miskunn og fred vart sentrale kristne verdiar i lova. Landslova var med og forma norsk politikk, samfunn og rett heilt fram til 1687, og er ved sida av Grunnlova kanskje det viktigaste dokumentet i norsk historie.





*Møt Jørgen Øyrehagen Sunde i Aksdal kyrkje 22. september. Foto: Hans Jørgen Brun*

Jørn Øyrehagen Sunde er professor i rettsvitskap frå Universitetet i Bergen, og ein stor kapasitet på sitt fagfelt. Han har via formidling mykje merksemd, og har halde nesten 800 føredrag utanfor akademia. Han har vore med å laga fire historiske utstillingar, delteke i radio- og tv-program, og skrive ei rad kronikkar og lesarinnlegg.

Sunde har tre gonger fått undervisningsprisen ved Juridisk fakultet i Bergen, og fekk i 2012 Meltzer-prisen for framifrå formidling. I 2020 held han Aarebrot-førelesinga om kommunikasjonsteknologi og rettsstat i rettshistoria, og i 2023 fekk han Sarton-medaljen av universitetet i Gent for framifrå rettshistorisk forsking.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Tysvær historielag, Seniorperler, Tysvær bibliotek og Førresfjorden menighet.



på kyrkjebakken

# "Vil Gud ikkje vera bygningsmann..."

*av Gunvor Hustoft*

**17. mai er over og den månaden med mest tankar på flag og feiring er snart slutt.**

Men eg har det slik at eg kvar søndag morgon prøver å få med meg fedrelandssalma på radioen, – rett før kl sju om morgonen. Godt å kunna lytta til "Gud signe vårt dyre fedreland...." Det blir ei bønn som kjem frå det inste i meg.

Ikkje kvar søndag har dei tid til alle dei 4 versa som er mest kjent, men av og til sender dei ei innspeling der verset "Vil Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggja" også er med.

Det er eit alvorleg vers og ein del av orda er henta frå salme 127: *"Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene fåfengt. Dersom Herren ikkje vaktar byen, vaker vaktmannen fåfengt."*

I år skal me feira at Noreg har hatt kristendommen i 1000 år. Ikkje det at alt har vore rett og etter Bibelen gjennom desse tusen åra, men me har blitt kjent med kva kristendommen er, og kanskje også kva den ikkje er, og det har prega land og folk gjennom alle desse åra.

Dessverre virkar det som ein nå er inne i ei tid der det er vanskelegare å vera kristen og å målbæra dei kristne verdiane. Skulen, som var opplæringsplassen for kristen tru, har ikkje den plassen lenger. Verdiane som Bibelen og Jesu lære har gitt oss, er ikkje så sjølvsagte lenger.

Rolv Wesenlund sa eingong: "Uten Bibelen kan vi ikke løse kryssord engang. Ateister leser den. Agnostikere gjør det. Du kommer ikke utenom Bøkenes bok."

Eg er så takknemleg for det eg fekk læra gjennom barndommen. Først og fremst i heimen, på skulen og på bedehuset. Me song salmer på skulen, som sit fast i minnet, og me lærte å slå opp i Bibelen, lærte utanåt både Bibelsoge-tekstar og frå boka i «Kristenlære».

Dette var sjølvsagt for alle og respekten for det som hadde med Gud å gjera var stor.

Så kan ein tenkje på kva som står i fedrelandssalma og kva det betyr. "...Me fåfengt på huset byggja." Må det ikkje vera slik for oss som bur i Noreg!

Mi bønn er at det på ny skal bli sjølvsagt at me let Gud få byggja landet vårt, folket vårt, heimane våre, skulane våre og let Han få bu i hjartene våre.

*Gud signe vårt dyre fedreland*
*og lat det som hagen bløma.*
*Lat lysa din fred frå fjell til strand*
*og vetter for vårsol røma.*
*Lat folket som brøder saman bu,*
*som kristne det kan seg søma.*

*Vårt heimland lenge i myrker låg,*
*og vankunna ljoset gøymde.*
*Men, Gud du i nåde til oss såg,*
*Din kjærleik oss ikkje gløymde;*
*Du sende ditt ord til Noregs fjell,*
*Og ljos over landet strøymde.*

*Og Noreg det ligg vel langt i nord,*
*Og vinteren varer lenge;*
*Men ljoset og livet i ditt ord*
*Det ingen kan setja stenge.*
*Om fjellet er høgt og dalen trong,*
*Ditt ord heve då sitt gjenge.*

*So blømde vårt land i ljos og fred,*
*Det grodde so grønt i lider,*
*Men atter seig natt på landet ned*
*Med trældom og tunge tider.*
*Og folket det sukka etter ljos,*
*Og du lyste opp omsider*

*Og morgonen rann, og mørkret kvarv,*
*Som lenge vår lukka skygde.*
*Du atter oss gav vår fridomsarv*
*Og honom i trengsla trygde.*
*Du varna vårt folk og gav oss fred*
*Og landet med lov me bygde.*

*Vil Gud ikkje vera bygningsmann,*
*Me fåfengt på huset byggja.*
*Vil Gud ikkje verja by og land,*
*Kan vaktmann oss ikkje tryggja.*
*Så vakta oss Gud så me kan bu*
*I heimen med fred og hyggja.*

*No er det i Noreg atter dag*
*med vårsol og song i skogen.*
*Om sædet enn gror på ymist lag,*
*det brydder då etter plogen.*
*Så signe då Gud det gode såd*
*til groren ein gong er mogen.*





# Frivillig bladkontingent 2024

**Me vonar at du set pris på å få Kyrkjetonar i postkassen med jamne mellomrom.**
**Ein del av finansieringa av drifta kjem frå frivillig kontingent og gåver.**

Den frivillige bladkontingenten er kr. 300,- men det er høve til å betala eit større beløp. Dette vert då ført som gåve i rekneskapen.

Abonnentar utanfor Tysvær og Bokn som ynskjer å få bladet tilsendt, må i tillegg til å betala kontingenten, gi beskjed til kyrkjekontoret slik at dei kan skrivast opp på utsendingslista.

**Du kan betala til kontonummer 3240.17.27697 eller VIPPS-nummer 523083**

Ei stor takk til deg som bidreg til drifta av Kyrkjetonar!

**Betal til kontonummer**

**3240.17.27697**

*merk betalinga "Kontingent Kyrkjetonar"*



**Her kan du betale med vipps**

**523083**

Vipps-nummer

Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du gi ei gåve eller betala den *frivillige kontingenten til VIPPS-nummer 523083*

# KyrkjeNÆR

*tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR*

## Småglimt frå Kyrkjenær våren 2024







***5. - 7. klasseleir på Stemnestaden, eit samarbeid mellom Kyrkjenær og Acta.***





***Søndagskule i Aksdal***



***Dåpsskule i Førresfjorden***








***Diakonidag for 3. klasse i Førresfjorden***




***Pause på kyrkjetrappa under øving til Ung Messe i Tysvær kyrkje***



***Etter skuletid i Skjoldastraumen***



***Dåpsskule i Skjoldastraumen***



***Babaysang på Nedstrand***

**Til hausten har Kyrkjenær i Tysvær og Bokn desse fellesarrangementa:**
Notèr datoane. Invitasjonar med påmeldingsinformasjon kjem i posten til hausten.

Måndag 23.september:
**Aktivitetsdag på Stemnestaden** for 4.klassingar på skulen sin planleggingsdag.
Tema: Misjon.

Tysdag 7.november om kvelden:
**7.klassetreff i Aksdal kyrkje**. Tema: Vår digitale verden.

kyrkje nær i TYSVÆR





***Bilde til venstre:** Kirken i Kandersteg sentrum.* ***Bilde til høyre:** Utsikten fra rommet på speidersenteret. Foto: Noah Knutsen*

# Førrespeidere på eventyr i Sveits

*tekst Noah Knutsen*

**I høst fikk tre heldige speidere fra Førre speideren beskjed om at de hadde fått plass på KFUK KFUM speidernes Eventyr utland Sveits. Uheldigvis ble en av de forhindret i å dra, det ble derfor kun Noah Knutsen og Vilde Johanson Aarøy som kunne dra.**

**Eventyr utland**
Eventyr utland er en årlig tur arrangert av KFUK KFUM speiderne i vinterferien. Turen er en belønning til speidere som bidrar positivt til speiding i gruppen sin, derfor må man sende inn søknad med anbefalingsbrev for å få mulighet til å delta på turen. Målet for turen er å lære om internasjonal speiding og bli kjent med nye speidere, både fra Norge og fra utlandet.

På turen var det med 24 speidere fra hele landet, 20 deltagere og 4 voksne ledere, som reiste sammen. For oss fra Førre ble det en lang reise på hele 19 timer fra vi gikk ut døra hjemme og til vi var fremme ved speidersenteret i Kandersteg.



*Internasjonalt leirbål.*
*Foto: Føya Marie Bach Skeie*

Speidersenteret er på en måte en uendelig speiderleir. Den startet i 1923 og har kun stengt to ganger etter det, i andre verdenskrig og under lockdown perioden i forbindelse med covid-19. Speidersenteret blir drevet av frivillige speidere fra hele verden. Under vårt opphold på speider-senteret var det mange britiske speidere som bodde der sammen med oss.

Vi lærte mye om kultur og speiding i andre land i løpet av turen. Vi hadde økter som fikk oss til å forstå hvordan det kan oppleves å komme til en helt ny kultur uten å vite hva som er høflig og hva som er uhøflig. Vi hadde også et veldig koselig internasjonalt leirbål første kvelden i Kandersteg. På leirbål kommer man med forskjellige innslag som sketsjer, sanger, rop og danser for å skape en kjekk og underholdene kveld. Det var kult å se hvor forskjellig «leirbåls kultur» det var mellom de forskjellige landene.



*Vilde og Noah på speidersenteret i Kandersteg. Foto: Vilde Johanson Aarøy*



*Bildet over: Norske og britiske speidere bytter speidermerker og speiderskjerf. Foto: Jonathan Saxegaard Lødemel*

Vi hadde også noen dager hvor vi sto på slalåm i de sveitsiske alpene. I Kandersteg var det mindre snø enn hjemme når vi sto på slalåm. Vi sto også på ski i Adelboden hvor det var mye mer snø. I Adelboden fikk vi beskjed om å ikke stå i de svarte løypene, men det var litt vanskelig og holde seg så vi måtte prøve. Det gikk heldigvis fint, og vi fikk oss en god latter når vi røpte det for lederne senere på turen.

Det var en veldig kjekk tur hvor vi lærte mye nytt på de mange øktene. Vi fikk både testet svarte løyper og gondolheis i skibakken. Og vi ble kjent med mange nye speidere og fikk minner for livet.





## Takk til Lone, Andreas og Johan

**På konfirmantfesten på Tysvær soknehus den 8.mai, blei ungdomsarbeidar Lone Stranden Storstein takka av etter 8 års teneste av soknerådsleiar Kristine Aurdal.**

Lone har gjort ein fantastisk jobb i ungdoms-klubben, og har bidradd til at ungdommane i soknet har hatt ein god møteplass på laurdags-kveldane.

Mannen hennar, Andreas, fortener og ein stor takk som vikar for Lone når ho har vore i fødsels-permisjon. Han har og vore med som frivillig leiar på mange klubbkveldar.

Johan Frøyland har det siste året vikariert for Lone. Takk til Johan for alt han har betydd for Klubben dette året!

*tekst og foto: Marit Sofie Teistedal Vikre*

# Konfirmantopplæring 2024 - 2025

**Nå er tida inne for påmelding til konfirmasjon for neste år. Det blir konfirmantopplæring i Føresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær sokn.**

Nokre av kyrkjelydane har informasjonsmøte i mai/juni, andre sender brev og gir nærare informasjon til hausten.

Dei kommande konfirmantane må fylle ut påmeldinga på kyrkja si nettside, tysvaerkirken.no.

Konfirmantopplæringa er for alle som ynskjer det. Difor vil vi leggje opp til tilpassa opplegg for dei som treng det. Ta kontakt om det er aktuelt! Vi legg til rette for dåp for ungdommar som ikkje er døypte. Oppstart av nytt konfirmantår blir i august/september.

Har du spørsmål kan du ringe kyrkjekontoret for nærmare opplysningar: 476 41 868

**Velkommen til eit nytt konfirmantår!**



*Nokre av årets konfirmanter i Aksdal kyrkje.*

**Konfirmasjonsdatoar våren 2025**

**Bokn kyrkje**
Søndag 4. mai

**Aksdal kyrkje**
Laurdag 3. mai og søndag 4. mai

**Tysvær kyrkje**
Laurdag 10. mai og søndag 11. mai

**Nedstrand kyrkje**
Søndag 4. mai

**Skjoldastraumen kyrkje**
Søndag 11. mai

# Stor basar og penger til nytt lydanlegg

*av Asbjørn Erdal*

**– Kjekt at det ble stappfullt på kirketorget under basaren og at folk koste seg, sier Wenche Veivåg Tveit. Hun er formann i Aksdal kyrkjeforening. Den samler jevnlig 8-10 damer som lager basar i kirken og støtter prosjekter i menigheten.**

– Og veldig bra at det flinke Prosjektkoret med Berit Ninni Fjeldheim i spissen kunne synge. Da kommer slekt og venner til barna for å høre på.

Årets basar, som samlet 170 stykker, gikk av stabelen en uke før påske. Diakon Synnøve Svensson Haakonseth hadde andakt, det var gratis mat til alle og store mengder gevinster både på åretrekningen og loddbøkene.

– Siden kirka var ny, har foreningen støttet mange prosjekt, sier Wenche. Flere ganger har vi pusset opp ungdomsrommene i kjelleren og kjøpt inn nye møbler, gardiner og utstyr til kjøkkenet.

– Et spennede prosjekt var da vi inviterte billedkunstneren Else Marie Jakobsen hit og spurte om hun kunne lage billedtepper til utsmykning av kirken. Det kunne hun, og resultatet ble flotte tepper som i dag pryder veggene i kirka.

– Under en av basarene for noen år siden kom det inn et brudepar som skulle vie seg i kirken. De lurte på hvor brudestolene var. Slike fantes ikke i kirken. Med spørsmålet startet en prosess sammen med kunstner Per Odd Aarrestad hvor vi etter mye strev og jobbing fikk samlet inn penger og laget 4 flotte alterstoler som nå står framme i kirken.



*Flott sang av Prosjektkoret på basaren. Foto: Magny Erdal.*

Årets basar fikk inn over 75.000 kr, og det er ny rekord! Fra før av var det litt penger på kontoen, og etter basaren pleier foreningen samles til en evaluering og finne ut hvilket prosjekt de nå skal støtte.

– På basaren strevde vi med lyden og ikke alle hørte skikkelig hva som ble sagt. Så etter litt diskusjon, kom foreningen fram til at de vil støtte lydprosjektet i kirken slik at lyden kan bli bedre på neste basar.

– Vi bestemte oss for at vi vil bidra med 100.000 kr til det nye lydanlegget, sier Wenche.

Kirkevergen i Aksdal, Ottar Krakk, synes det er en gledelig nyhet.

– Det er dyrt med god lyd, så med dette flotte bidraget, håper jeg vi kan få kjøpt inn et nytt lydanlegg snart. Vi satser på at det er på plass til høsten! – Da skal det bli god lyd i hele kirkerommet og bak på kirketorget. Det skal bli enkelt å betjene for alle og lettere å høre for folk med høreapparater. Og i tillegg blir det mulighet til å kunne følge med på hva som skjer nede i kirken fra søndagsskolerommet, sier Ottar.

Kirkeforeningen har bestemt at det blir ny basar neste vår. 9. september starter de opp igjen med møtene hvor en lager gevinster, prater og koser seg.

– Og det er plass til flere som har lyst til å være med. Ta kontakt med meg på mobilnr. 99037160 for mer infomasjon. Vi møtes i kirken én mandag i måneden, avslutter Wenche.



*Aksdal kyrkjeforening samlet til evalueringsmøte etter basaren. Fra venstre: Wenche Veivåg Tveit, Astrid Kristin Fjeldheim. Målfrid Toft, Anne Susort, Aslaug Irene Skjold, Eli Marie Vatland, Magny Erdal, Venke Sundfør, Anne Wee Førre.*



*Åregevinster var det mange av.*



# Musikk i sommarkvelden

## Nedstrand kyrkje, kvar onsdag i juli!

Små muikalske friminutt til glede, ettertanke og påfyll.











3.juli kl 20
### MARI HAUGE
Mari Hauge er artist og låtskriver fra Stavanger. Med et særegent, ærlig og personlig uttrykk omtales hun som en singer/songwriter med et sjeldent formidlingstalent og en låtskriver av nasjonalt kaliber. Bjor Bohne er med på gitar.

10.juli kl 20
### ANDRÉ EIDE
André Eide er en anerkjent pianist. Gjennom sosiale medier når musikken hans ut til millioner av lyttere hver måned. Arbeidene hans varierer fra klassisk musikk til popmusikk og har oppnådd internasjonal suksess.

17.juli kl 20
### SYNNØVE AANENSEN
Synnøve er en kristen sangartist og låtskriver fra Karmøy. Sjangeren er mest gospel og country., men hun har også gitt ut flere CD-er med salmer og åndelige viser. Hun har opptrådd i hele Norden, Seattle, Alaska, og Nashville. Mange kjenner henne også fra fjorårets suksess med "Alle tiders sanger".

24.juli kl 20
### TORE HEGDAHL OG OLE AMUND GJERSVIK
Duoen Gjersvik (kontrabass) og Hegdahl (piano) spiller en minimalistisk og neddempet musikk med vekt på melodiene. Repertoaret består av kjærlighetssanger, jazzballader og salmer, i tillegg til originalkomposisjoner. Melodiene får klinge i sin enkelhet, men det er også rom for improvisasjon.

31.juli kl 20
### BERDINES BJØRNEVAAGS ORKESTER
Godt humør på siste julidagen! Med gitar, banjo, mandolin, munnspel og song streifer Tormod og Ole Bernt Tørresdal (far og son) innom det meste livet kan by på av gleder og sorger. Musikken er "alt mulig", fra americano, via country til roots, viser og salmer.

Ingen billetter! Vipps til 700775 under konserten

Arrangør: Nedstrand kyrkjeforum

# Home-Start er nå startet opp i Tysvær kommune

*av Heidi Husebø og Gro Elin Sandvik, Home-Start Familiekontakten*

**I år starter Home-Start opp i Tysvær. Home-Start har i mange år vært aktive i storbyene Bergen og Stavanger og de siste årene har de også startet opp med avdelinger på Karmøy og i Haugesund.**

Sammen med Tysvær kommune og Kirkens bymisjon var turen kommet til Tysvær og vi har endelig dette flotte familiestøtteprogrammet å tilby småbarnsfamilier i Tysvær.

Vi er fortsatt i oppstartsfasen og vi arbeider hardt for at hele befolkningen skal bli kjent med programmet vårt. Vi håper vi kan bli godt lagt merke til og at folk kommer og prater med oss mens vi står på stand våre rundt i kommunen. Vi har også plakater og flyerser hengende og liggende på treffpunkter rundt i kommunen og oppfordrer alle til å kontakte oss.

Om du stopper for en prat når du ser oss eller om du kontakter oss etter å ha lest plakatene vil det være Heidi Husebø og Gro Elin Sandvik du treffer på. Vi forteller deg gjerne om familiestøtteprogrammet vi er så stolte av å kunne tilby:

**Hva er Home-Start?**
Home- Start er et forebyggende og frivillig familiestøtteprogram. Det er etablert i 22 land, har 48 avdelinger i Norge og starter i år opp i Tysvær kommune.

**Hvem trenger familiestøtteprogrammet?**
Støtteprogrammet går ut på at en frivillig familiekontakt besøker en småbarnsfamilie.

Hverdagen med små barn kan være utfordrende, og vi ser at de familiene som tar kontakt med oss rommer det meste. Her er familier som er ensomme med lite nettverk, kanskje nye i kommunen, familier med tvillinger eller flere tette barn. Familier hvor foreldrene føler de ikke strekker til og som har perioder i hverdagen som preges av stress og uro. Da kan Home-Start støtte opp i familien med en familiekontakt som besøker dem noen timer i uken over en periode på seks måneder.

Familien får avlastning ut ifra hva de har behov for og behovene kan være mange:
- En å dele sorger og gleder med.
- En som kan gå sammen med en til aktiviteter.
- En som gir hjelp til at en får dannet seg et nettverk.
- En som tar en trilletur eller leser en bok med barna.

Av og til er det bare de små forskjellene som gjør at vi mestrer hverdagen litt bedre og på denne måten kan vi forebygge at større belastninger og stress får utvikle seg. Foreldrene gir ofte tilbakemelding om at den ene dagen i uka de får støtte har innvirkning på hele situasjonen.

For mange er det å vite at noen bryr seg, og det at man har en mulighet til å kontakte noen når noe oppstår, en trygghet i seg selv. Familiene kan selv ta kontakt med oss, her trengs ingen henvisning.




*Heidi Husebø og Gro Elin Sandvik på stand i Djupadalen*








## Har DU tid du kan gi til en småbarnsfamilie?

Bli med på kurs for nye familiekontakter

Informasjon / påmelding
heidi.husebo@bymisjon.no / tlf. 41 19 52 18 | gro.elin.haugen.sandvik@bymisjon.no / tlf. 40 43 17 99

Vi trenger deg
Home-Start Familiekontakten (HSF) er et familiestøtteprogram, hvor frivillige familiekontakter besøker småbarns-familier, 2-4 timer i uken. HSF jobber for en trygg og god oppvekst gjennom å styrke foreldrene. Familiekontakter er mennesker som har tid til overs, og som har glede av å være sammen med barn. Alle familiekontaktene gjennomgår et forberedelseskurs, og må levere politiattest.

**Hvem er familiekontaktene?**
Familiekontaktene er voksne mennesker som har egne eller har arbeidet med barn. Kontaktene gjennomgår et 20 timers forberedelseskurs hos oss og de leverer politiattest og taushetserklæring. Oppdragene hos en familie vil være 2-4 timer i uken over en periode på 6 måneder og vi vil følge opp både Familiekontakten og familien under hele perioden. I tillegg vil vi gjennom året invitere til ulike samlinger med både faglig og sosialt innhold. Dette gjør at også familiekontaktene får knytte kontakter seg imellom dersom de ønsker det.

**Vi trenger DEG som frivillig.**
Vi har familier i Tysvær som nå venter på en frivillig familiekontakt. Vi ser derfor etter DEG som har tid og lyst til å besøke en av disse familiene. Vi ser etter medmennesker som har overskudd til å være noe for andre. Du som er ansvarsfull og lyttende, og som er en god rollemodell.

Som nyoppstartet i Tysvær trenger vi nå frivillige og vil gjerne komme i kontakt med deg som kjenner et hjerte banke litt ekstra for disse småbarnsfamiliene. Vi starter opp med nye kurser rett over sommeren.

# Glimt fra 17. mai i Aksdal kyrkje

foto: Asbjørn Erdal



















***Bilde 1:*** *Jørgen Skaare innleder nasjonalfesten med nydelig felemusikk.*
***Bilde 2:*** *Synnøve S. Haakonseth og mannen John-Olof hadde kveldstanker og Stein Johannes Kolnes akkompagnerte allsangen flott.*
***Bilde 3:*** *Gripende apell under gudstjenesten av Vitalii Yefimov fra Ukraina.*
***Bilde 4:*** *Endre Fjeldheim til venstre underholdt med fantastisk pianospill. Asbjørn Erdal ledet festen.*
***Bilde 5:*** *Stortingsrepresentant Sveinung Stensland holdt festtalen.*
***Bilde 6:*** *Grinde skolemusikkorps spiller under gudstjenesten.*



# Bispevisitas i Tysvær og Bokn sokn

*tekst Edvin Gjerde/foto Tove Marie Sortland og Marit Sofie T. Vikre*

**I veke 11 kom biskop Anne Lise Ådnøy på visitas til Tysvær og Bokn sokn. Med seg hadde ho prosten Rune Engedal og to rådgjevarar frå bispedømmekontoret. Der fekk ho høve til å møta alle kyrkjeleg tilsette, samt sokneråda og alle dei friviljuge som tek del i dei mange ulike aktivitetane.**

Det vart travle, spennande og lærerike dagar for alle partar. Biskopen var interessert i alt arbeid i sokna, også det som rører seg i skule, helse og næringsliv. Det vart møter med staben i Tysvær og Bokn. Der vart ho fortald om arbeidet. Det som gjekk etter planen og det som kunne vera utfordrande. Samt ønske og ideear om nye tiltak. Målet er å vera ei kvardagskyrkje . Det vil seia vera der folk er i det daglege.

Onsdagen via biskopen til Bokn Sokn. Torsdagen til Tysvær. Til slutt vart det heile runda av med ei fin festgudsteneste i Tysvær Kyrkje. I Bokn var Bokn Arena eit samlingspunkt, i Tysværvåg soknehuset. Men det vart og reist rundtom. Høvet vart nytta til å ta turen innom skulane, helseinstitusjonar, kommuneadministasjon og næringsparkar.

Torsdagen var biskopen med på eit av dei nye tilboda på soknehuset. Supertorsdagen er eit tilbod til travle familiar som må leva med den ikkje ukjende tidsklemma. Meininga er å letta på presset i hektiske dagar . Her kan ein få kjøpt middag når ein kjem frå jobb



*Sokneråda og felesråda i Tysvær og Bokn samla på kyrkjetrappa på Tysvær kyrkje.*

til ein rimeleg pris for heile familien ein gong i månaden.

Etter på var det ei samling for dei vaksne med tema «Kyrkja og Bygda.» Her ønskte biskopen og soknepresten å få høyra meir om korleis ulike foreiningar og lag ser på kyrkja, og opplever henne i helg og kvardag. Kva ventar folk seg av kyrkja i framtida? Mange ideear og meiningar vart lufta. Tilbod og tilstelningar som møter folk der dei er. Korleis får me det til? Det var samtale rundt borda og oppsummering etterpå.

Søndag var det gudsteneste i Tysvær kyrkje. Biskopen heldt preika. Med seg denne dagen hadde ho prosten, soknepresten, kateketen og diakonen. Soknepresten ønskte velkommen. Tekstlesarar denne dagen var ordførar i Bokn og varaordførar i Tysvær. Ei ikkje ukjend gruppe jazzmusikarar under leiing av Lars Johannes Liknes deltok med fleire innslag. I tillegg var det flott song av Wilma og Emma Fjeldheim.

Prosten tok liturgien før preika. Biskopen heldt så preika denne søndagen; Marias Bodskapsdag. Ein tekst kjend som Marias Lovsong. Her vart me minna om at Gud ser oss, at Gud er hellig, og at Guds miskunn varer frå slekt til slekt. Den syner oss Guds ja til livet, der alt er eit gjenskin av det guddommelige. Det er ein lovsong, men og ein kampsong. I Chile vart den til og med forboden etter Pinochet sitt kupp på 1970-talet. Ofringa denne dagen gjekk til Okhaldhunga sjukehus i Nepal. Eit arbeid for fattige og sårbare menneske. Gudstenesta vart avslutta med nattverd.

Etter gudstenesta var alle innbedne til kyrkjekaffi på soknehuset. Her skulle biskopen halde visitasforedraget. Ei oppsummering av inntrykka ho hadde fått. Imponert var ho av alt som gjekk føre seg på soknehuset. Av det som fortente ros, og det ho meinte kunne forbetrast. Av det som var viktig for å hindre utanforskap og korleis skape gode oppvekstmiljø for barn og unge. Om vaksne som bryr seg og stiller opp. Ikkje berre kyrkja sine folk, men politikarar, leiarar i lag og foreiningar, skulefolk og helsearbeidarar. Det vart mykje å tenke på, mykje å glede seg over og mykje å ta med seg framover.



*Frå gudstenesta i Tysvær kyrkje*




# Tysvær soknehus 25 år

*av Anna Reiersen*

**Det er alt gått 25 år sidan bedehusforeininga, sokneràdet og pinsevennene gjekk saman på dugnad og fekk til ein unik heim i Søre Tysvær.**

I 1999 stod soknehuset i Tysværvåg ferdig etter stor innsats og bygdene fekk ein felles, tenleg samlings-plass for ulike lag og organisasjonar. Både små og store har fått delt liv, håp, sorg og glede på soknehuset vårt desse åra.



*Tysvær soknehus stod klart til bruk i 1999. Viktige pådrivarar til byggeprosessen var Arne Aurdal og John Tveit (kopiert foto frå Vårt Land)*

**Jubileet vert markert helga i veke 39 og sokne-huset opnar dørene til fest!**

**Fredag 27.september**
***Festkveld kl 18.30***
*Kåseri av Oddgeir Bruaset*
*Song av Serenety, Emma & Wilma*
*Helsing frå Arne Øystese som la grunnsteinen*
*Glimt frå byggeprosessen*
*Middag og kaker*
*Kr 200,- (påmelding kjem)*

**Laurdag 28.september**
***Superlaurdag kl 14***
*Tilrettelagt for born - ope for alle*
*Kick Off for haustsemesteret med aktivitetar og leikar*
*Barnekoret og Tore Thomassen deltar*
*Pizzafest med Aleksander*
*Kr 50,- (påmelding kjem)*

***Ungdomsklubb kl 20***
*Tore Thomassen deltar*
*Pizzafest med Aleksander*

**Søndag 29.september**
***Familiegudsteneste i kyrkja kl 11***
*Barnekoret og Tore Thomassen deltar. Kyrkjekaffi på soknehuset etterpå*

Hjarteleg velkommen til deg som var med i planlegging og gjennomføring på ulikt vis, til deg som brukar huset aktivt i dag og til alle som «berre» er glade for at bygdene våre har eit slikt praktisk hus til nytte for unge og gamle. Følg med på annonsering på facebooksida til «Soknehuset» og Tysvær Bygdeblad for nærare informasjon.



# Sommerkafé i Aksdal kyrkje

*av* Synnøve Svensson Haakonseth

**I sommer er du hjertelig velkommen til åpen sommerkafé i Aksdal kyrkje. Kaféen er åpen seks onsdager i løpet av sommermånedene, kl.11.00 - 14.00**

Her serveres forfriskelser som is og bær, lapper eller vafler, kaffe og saft. Iblant kan det også bli musikkinnslag, mulighet for allsang eller andre aktiviteter.

Det vil alltid være åpent for lek i kirkens flotte gymsal eller i det nyoppussede lekerommet. Er du glad i spill, så finnes det ulike brettspill, bordtennis og biljard. Kirken rommer også en flott gjenbruksbutikk med klær til alle aldre og anledninger.

Vil man bare sitte ned og nyte en kopp kaffe og en god samtale, er også det fullt mulig. Her er alle velkommen! Lokalene er universelt tilrettelagte for rullestolbrukere.

**Datoer for sommerkafeen er:**
19. juni, 26. juni, 3. juli, 10. juli, 7. august og 14. august, kl.11.00 - 14.00




## SLUSH kurs

**Kjenner du unge som vil være medhjelpere/ ledere? Da er dette et supert kurs: SLUSH kurs 20. og 21. september i Aksdal kyrkje!**

SLUSH står for Sprell Levende unge søndags-skolehjelpere, - men også hjelpere i alle kirkens aktiviteter - og er et kurs for unge i 6.–8. klasse (kan gå ned i alder).

Fredag kl. 18.00 - 21.00: en kveld for deg som tweens – hvor vi vil bli bedre kjent med tweensopplegget Aldri Alene

Lørdag kl. 11.00 - 15.00: en dag hvor du skal få generell ledertrening, innblikk og trening i å være leder i en Gullivergjeng og Agentklubb

• Det er mye lek og aktiviteter
• De kan etterpå ha en praksissamling i lokal barnegruppe
• De får et flott kursbevis
• Og slush

**Mer info kommer etter sommeren!**
Har du spørsmål, så ta kontakt med Janne, Kyrkjenær - tlf 47230358

Søndagsskolen



nytt om kyrkjeverja

# Diakon i gravferd

Som ein del av diakonane sitt arbeidsfelt har ein del av dei og gravferd. Diakonane møter folk i ulike situasjonar, mellom anna i sorg. Me har derfor sett det som naturleg at vår diakon Synnøve S. Haakonseth og har nokre gravferder i Tysvær framover.

Dette er avtala med prosten i Haugaland Prosti, Rune S. Engedal. Han ser det som naturleg at og diakonane har gravferder som ein del av tenesteordninga for diakonar.

Synnøve sjølv ser fram til å få bidra med si utdanning og erfaringar inn i dei pårørande sitt møte med kyrkja ved gravferd for ein av sine næraste.

Dei tre prestane i Tysvær og Bokn har kvar sine tenesteveker der dei tar gravferdene som kjem inn til desse vekene, uavhengig av kor i kommunen gravferda er. Diakonen vil bidra inn i denne turnusen med å ta gravferder i enkelte veker.

***Ottar Krakk, Kyrkjeverje i Tysvær***



*Synnøve S. Haakonseth. foto Asbjørn Erdal*

# Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste.

**Diakoni er evangeliet i handling, uttrykt igjennom nestekjærleik og inkluderande fellesskap.**

Bokn Sokneråd har 9 forskjellige grupper som er med i besøkstenesta på sjukeheimen. Det er besøk kvar onsdag kveld, ei samlingstund i ord og tonar.

Dette er noko som er godt motteke både av bebuerar og dei ansatte.
-Men det gir nok like stor verdi for oss som får lov til å gleda dei.



*Daniel Thuestad på trekkspel, Jorunn Schmeichler og Ina Tangen med song.*



*Blant tilhøyrarar: Einar og Møyfrid Vatnaland*

Det er rørande å sjå kor godt dei gamle songtekstane sit, sjølv om kanskje både hukommelse og tale kan vera redusert.

Me har både trekkspel, felespel, piano, song og høgtlesing, i god variasjon.
Dei som framfører er i alder frå 20,og til godt over 70 år.

Eldste dama gav seg nyleg, 96 år gamal. Ho ville heller vera publikum no.
Har du lyst til å vera med å bidra, så ta kontakt med kyrkjeverja.

***May Jorunn Vatnaland, kyrkjeverje i Bokn***



FNs bærekraftsmål i lys av kristen tro

Mål 6:

# RENT VANN OG GODE SANITÆRFORHOLD



De store sivilisasjonene som har vokst fram gjennom historien, har ligget i nærheten av vann. Mesopotamia hadde Eufrat og Tigris, Egypt hadde Nilen. Vann har til alle tider vært livsviktig for enkeltindivider og grunnleggende for velfungerende samfunn. Vi må ha drikkevann for å leve, og når bare urent vann er tilgjengelig, kan det føre til sykdom. Derfor er det så alvorlig at ett av ni mennesker i verden ikke har tilgang på rent vann.

Ett av tre mennesker har ikke tilgang på gode sanitærforhold. For at sanitærforholdene skal regnes som gode og trygge, må toalettet være bygget slik at menneskehud ikke kommer i kontakt med avføring, og man må ha mulighet til å vaske hendene etter et dobesøk. Videre er det viktig at toalettet er avskjermet, og at det ikke er farlig å komme seg dit. Mange steder er kvinner for eksempel utsatt for overfall og voldtekt hvis de går på do etter at det er blitt mørkt. I fattige land er det mange som dør på grunn av sykdommer knyttet til dårlige sanitærforhold. De dør av sykdommer som kan behandles, og som kunne vært unngått.

I FNs bærekraftsmål står det at vi skal sikre rent vann og gode sanitærforhold til alle innen 2030. Den gode nyheten er at det finnes nok vann til alle mennesker, utfordringen er å fordele vannet og sørge for at det holdes rent. Det er relativt enkelt å bygge trygge, hygieniske doer, utfordringen er å spre kunnskap om hvordan det gjøres. Å nå dette bærekraftsmålet er en forutsetning for å nå mange av de andre bærekraftsmålene. Ikke minst er det grunnleggende for enkeltmenneskers verdighet.

## Teologisk refleksjon

Menneskene Bibelen forteller om, levde i landområder preget av tørke. De visste hvor avgjørende tilgang til rent vann er for alt liv. Vann er en gave fra himmelen, både i fysisk og i åndelig forstand. Fortellingen om Edens hage åpner med å beskrive hvor goldt og øde det var før Gud lot det regne på jorda. Men så sprang en kilde fram og vannet hele marken. Dermed var betingelsen for liv gitt, og Gud «formet mennesket av støv fra jorden» til «en levende skapning» (1. Mosebok 2,4–7). Videre i fortellingen hører vi om elven som gav vann til alt som vokste i hagen. Elven delte seg i fire, blir det fortalt, som en påminnelse om at vann er til fordeling og ikke skal begrenses til ett løp bare noen få har adgang til.

I tørketider vet de mektige å sikre seg kontroll over vannkilder og knappe ressurser, uten blikk for de fattige og deres behov. Slik var det også i bibelsk tid. Profetene reagerte på denne uretten og forkynte en tid da alle skal få drikke seg utørste (Jesaja 55,1). Rent vann er Guds gode gave til alles beste; det er urett å gjøre det til en handelsvare forbeholdt noen få.



Tekst og illustrasjoner er hentet fra "Bærekraftsboka - FNs bærekraftsmål i lys av kristen tro", utgitt av en rekke organisasjoner, kirkesamfunn og enkelt-personer. Finansiert av Norad og Seksjon for diakoni og samfunn i Kirkerådet.

Redaktører og tekstarbeid: Guro Almås og Anne Marte Skaland.
Teologiske refleksjoner: Kjell Nordstokke. Illustrasjoner: Mari Kvale

# Nye, aktuelle bøker

Presentert av Bjørg Rørtveit










**Er du interessert i historie, litt filosofi og natur, og liker dessuten å lese? Da har du tre bokperler å glede deg til her. Temaet i disse går rett inn i både det året, og de tidene vil lever i akkurat nå.**
**God lesing!**

**Titel: Anno 1024. Året som forvandlet Norge**
**Forfatter: Ole Petter Erlandsen**
**Forlag: Proklamedia. 2024**

Vi vet at våre forfedre dro i viking, men vet vi hva som fikk dem til å holde opp?
Denne boken er skrevet for deg som lurer på hvordan Norge er blitt som det er blitt. Hvordan vi gikk fra å være et folk som herjet, plyndret og blotet mennesker til å bli en rettsnasjon som tok vare på de fattige, forbød drap på spedbarn og satte en stopper for ættehevnen.
I 2024 er det tusen år siden Norge fikk sine første kristne lover. Det var en sann revolusjon som fikk avgjørende betydning for lov og rett, for vår kultur og våre verdier.
Men det startet ikke der.
Forfatteren tar oss med tilbake til begynnelsen – til snekkeren fra Galilea. Viser hvordan hans tanker om liv og menneskeverd forplantet seg gjennom et Europa som lå nede etter Romerrikets fall. Forteller om pionerene som, med fare for egne liv, brakte budskapet nordover til våre kyster. Gir eksempler på hva de kristne lovene fikk å si for samfunnet. Og ikke minst lurer han på hvordan vi kunne glemme en så avgjørende del av vår egen historie.

Ole Petter Erlandsen er faglig leder i Åpne Dører, en organisasjon som arbeider for forfulgte kristne verden over. Tidligere har han mange års erfaring som pastor i Oslo og er kjent for noen som en ivrig forfatter av kronikker og debattinnlegg.

**Tittel: Trærnes evangelium**
**Forfatter: Thomas Aretzen**
**Forlag: Verbum, 2024**

Mennesker og trær har alltid hatt et nært fellesskap.
Hva er det med trær, og hva har de med oss å gjøre?

Historiker og teolog Thomas Arentzen oppsøker skoger, klatrer i trær, leser bibelske tekster og dykker ned i historiske kilder.
Han finner mennesker som søker trær, men også trær som våker over mennesker.

Trærnes evangelium er et essay om et landskap som på samme tid er hverdagslig og fantastisk.
Forfatteren utfordrer oss til en tre-vendt holdning og til å tenke annerledes om ikke-menneskelige skapninger på jorda.

Sitat Arentzen:
"Selv om vi kan virke ulike, slekter vi på trærne. De vedkommer oss. Ikke bare som plank. Vi deler halvparten av arvestoffet vårt med dem. De er mer enn ved, slik vi er mer enn vev."

Thomas Arentzen er norsk teolog, forfatter og oversetter som arbeider som forsker i gresk filologi ved Uppsala universitet.

**Tittel : Bokens folk. En sivilisasjonshistorie fra papyrus til piksler.**
**Forfatter: Joel Halldorf**
**Forlag: Verbum, 2024**

Bokens folk er fortellingen om hvorfor boken inngår i sivilisasjonens grunnmur. I en tid preget av bekymring for fallende leseferdigheter og økende konsentrasjonsvansker, trekker Joel Halldorf de lange linjene i bokens- og lesingens historie.
Hvordan ble boken som teknologi egentlig til? Leser vi dårligere nå enn før? Hva innebærer den digitale revolusjonen vi gjennomlever, og hva risikerer vi å miste?
Vi møter poeter og predikanter, nonner og nazister, arbeidere og algoritmer, bibellesere og byråkrater, techentusiaster og tidsskriftredaktører. Alle med sine måter å lese på.
Det har aldri bare handlet om innholdet i bøkene, men om hvordan vi leser: langsomt og ettertenksomt eller raskt og overfladisk.

«Jeg kan ikke huske noen skandinavisk bok som gir mer innsikt i hva det er å lese – og hvorfor man bør lese.» Tom Egil Hverven i Klassekampen

Joel Halldorf (f. 1980) er forfatter, professor i kirkehistorie ved Enskilda Högskolan i Stockholm og medarbeider i Expressen Kultur. Han har tidligere gitt ut en rekke bøker og er kjent som en aktiv samfunnsdebattant.



# Bli med til Moster

## Kyrkjelydstur for Nedstrand og Skjoldastraumen
## Søndag 23. juni 2024

**I 2024 er det 1000 år sidan innføringa av kristenretten i Noreg. Dette skjedde på Moster i Bømlo kommune, på Mostra-tinget, år 1024.**

Innføringa av kristenretten var starten på ei omfattande og radikal samfunnsomvelting - «frå makt-samfunn til rettssamfunn» og markerte byrjinga på ei ny tid, med sterkare menneskelege omsyn og rettsvern for individet.

Det var her statsdanningsprosessen for Noreg starta og me feirar difor dette som eit nasjonalt lovjubileum.

Nedstrand sokneråd inviterer til kyrkjelydstur til Bømlo og Moster. Der vi vi få meir kjennskap til kor viktig kristenretten har vore for samfunnsutviklinga i Noreg. Vi vil også sjå utstilling som er laga til 1000 års jubileet, besøke gamle Moster kyrkje m.m. og samlast om eit godt måltid.

Etter opplegget på Moster kjører vi til Langevåg. Der vil vi mellom anna besøke Bømlo gamle kyrkje frå 1621 og høyrer meir om Bømlo, folkeliv og historie på øya.

**Praktisk**
Reisa til Moster vert organisert med felles kjøring med private bilar og minibuss. Ved påmelding treng vi vite om du treng skyss eller stiller med eigen bil, evt. om du kan ta med andre i bilen.
Skriv det i tekstfeltet i Vipps.

**Turen kostar kr 550.**
(100 kr for dei under 18 år)
Dei som kjører i minibuss betaler kr 100 i tillegg (sei frå ved påmelding om du treng skyss. Vi satsar på å fylle opp alle bilene.)

Påmelding skjer på Vipps 137453 eller send melding til Beate Hoftun Lindgren tlf. 976 21 843.

**NB: Påmeldingsfrist: 3.juni**

**Program:**
**08.30 Avreise** Nedstrand, parkering Hinderåvåg
**08.50 Avreise** Skjoldastraumen kyrkje

**10.00 Moster Amfi**
Moster gamle Kyrkje og Moster Amfi sin permanente utstilling -1000 år tilbake i tid: «Frå Heidendom til Kristendom». Omvising og orientering ved guide.

**11.30 Lunsj**
Varmt måltid, kor det «verdskjente» urtesmør blir ein del av måltidet! Søtt og kaffi til dessert.

**12.15 Info om Steinrike**
Det vert høve til ein tur ned i gruvetunellen og «Steinrike Bømlo».

**12.45 Bømlo og Moster Amfi**
viser den nye utstillinga, som opnar under jubileet.

**14.00 Avreise til Langevåg.**

**15.00 Bømlo gamle kyrkje**
frå 1621
**Kaffi på Bygdatunet** med info om historiske sider ved Bømlo. (Englandsfart under krigen og Norges eldste gjenværende bedehus.

**17.00 Ferje** Langevåg til Buavåg (ca 20 min)

**Ca kl 18.30 Tilbake** i Skjoldastraumen, og Nedstrand



## Preiketekstane – sommeren 2024

| | | |
|---|---|---|
| Søndag 9. juni | **3. søn. i treenighetstiden** | Joh 1,35–51: De første disiplene |
| Søndag 16. juni | **4. søn. i treenighetstiden** | Matt 16,24–27: Å følge etter Jesus |
| Søndag 23. juni | **5. søn. i treenighetstiden** | Matt 7,21–29: Falske disipler og huset på fjell |
| Mandag 24. juni | **Sankthansdagen/Jonsok** | Matt 11,7–14: Johannes er Elia |
| Søndag 30. juni | **Aposteldagen** | Matt 16,13–20: Peters bekjennelse |
| Søndag 7. juli | **7. søn. i treenighetstiden** | Luk 19,1–10: Sakkeus |
| Søndag 14. juli | **8. søn. i treenighetstiden** | Mark 12,37b–44: Enkens gave |
| Søndag 21. juli | **9. søn. i treenighetstiden** | Joh 8,2–11: Kvinnen grepet i ekteskapsbrudd |
| Søndag 28. juli | **10. søn. i treenighetstiden** | Matt 18,21–35: Den ubarmhjertige medtjener |
| Mandag 29. juli | **Olavsdagen/Olsok** | Luk 9,23–26: Hva gagner det et menneske |
| Søndag 4. august | **11. søn. i treenighetstiden** | Mark 2,23–28: Jesus og sabbaten |
| Søndag 11. august | **12. søn. i treenighetstiden** | Luk 8,1–3: Kvinner som fulgte Jesus |
| Søndag 18. august | **13. søn. i treenighetstiden** | Luk 12,41–48: En tro og klok forvalter |
| Søndag 25. august | **Vingårdssøndag** | Luk 17,7–10: Uverdige tjenere |
| Søndag 1. september | **15. søn. i treenighetstiden** | Luk 10,38–42: Jesus hos Marta og Maria |

**Stell av gravplasser i Tysvær**

AOI Arbeid og Inkludering

**avdeling Vepro**

**Tlf: 932 16 679**

PLANAR OM Å ARRANGERE DÅP, JUBILEUM, MINNESTUND, BARNEBURSDAG ELLER ANDRE SAMANKOMSTAR?

Leig Soknatun!

Soknatun har mellom anna velutstyrt kjøkken, romslege, lyse lokale, musikkanlegg, projektor og leikerom.

Prisar for utleige:
Heil dag 1500,-
Barnebursdag 500,-

Ein kan booke huset to år i førevegen, og det er første mann til mølla.

Har du spørsmål om utleige eller ønskjer å booke Soknatun? Ta kontakt med Beate Lindgren på 97621843 eller Gunstein Landro på 92408151.

**Neste nummer kjem i postkassen ca. 20. september**

**Frist for stoff til nr 3/2024: 30. august 2024**

*Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142*

### Trenger du noen å snakke med?

*Diakoner og prester er alltid tilgjengelig for samtale. Ingenting er for lite og ingenting for stort.*

*På tirsdager sitter diakonen på Aksdalsenteret mellom kl.12.00-14.00*
*Sett deg gjerne ned og slå av en prat.*

*Ta kontakt med diakon Synnøve S. Haakonseth på tlf. 465 28 756 eller*
*e-post: synnove.haakonseth@tysver.kommune.no*

***Kom til meg, alle dere som strever og bærer tunge byrder, og jeg vil gi dere hvile.***
*Matt 11, 28*



# Gjennom livet

## Døypte

**Aksdal Kyrkje**
09.03 Ninni Dalaker Eriksen
17.03 Berdinius Strand Gismarvik
17.03 Kristine Grinde
17.03 Arild Gabrielsen
07.04 Eline Hovland
14.04 Frøya Tvedt
12.05 Adam Landa Fosse
12.05 Nilas Førre Dommersnes
12.05 Eldar Nyvoll
26.05 Elias Tønnesen-Vedå

**Førre Kirke**
24.03 Julie Sævareid Østenstad
21.04 Jonas Eritsland
21.04 Oskar Tindeland
21.04 Solan Skjold Tjomsland
21.04 Tara Thuen Torgersen

**Nedstrand Kyrkje**
19.05 Juni Baustad

**Tysvær Kyrkje**
10.03 Emma Dahle
21.04 Ine Hauge Nordtveit
20.05 Astrid Lund Austerheim

**Bokn Kyrkje**
14.04 Sophia Sildelid Grønnestad
14.04 Saga Eide Høyland

## Vigde

**Aksdal Kyrkje**
09.03 Sabrina Eriksen og Andreas Dalaker
20.04 Iselin Grødem Mæhlum og Wouter Kongshavn

**Førre Kirke**
25.05 Kristine Aksdal og Vegard Lotsberg Kolnes
25.05 Linda Våge og Ole Martin Dalva
25.05 Christina Nyland og Kai Ove Fjellet Lundal

**Nedstrand Kyrkje**
25.05 Amalie Storesund og Tor Gunnar Hagen

## Jordfesta

**Tysvær Kyrkje**
09.04 Jorunn Rasmussen
25.04 Ruth Berit Baustad

**Bisatt:**
16.04 Nils Odland

**Tysvær**
15.05 Ella Moraru Trovåg

**Førre Kirke**
21.03 Bjarne Alf Rinden
11.04 Egil Notland
12.04 Astrid Lillebø Vågen

**Bisatt:**
18.04 Atle Totland
12.03 Anne Karin Follestad
26.04 Peter Lura

**Aksdal Kyrkje**
18.04 Berta Frønsdal

**Nedstrand kyrkje**
25.03 Karl Johan Kvam

**Skjoldastraumen Kyrkje**
30.04 Hildur Reidun Halleland
16.05 Kåre Holgersen

**Bokn kyrkje**
05.04 Vilhelm Andreas Borgenvik
14.05 Sigmund Arvid Våge

Hvordan har du det...
EGENTLIG?
Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS
ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

- Å lytte til en som trenger det er noe av det mest meningsfulle du kan gjøre.
Bli frivillig!
Ta kontakt for info om nye kurs
Les mer: kirkens-sos.no/frivillig
KIRKENS SOS ROGALAND

# Velkommen til kyrkje

## Aksdal kyrkje

**16. juni kl. 13.00**
Gudstjeneste

**30. juni kl. 19.00**
Kveldsgudstjeneste

**14. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste

**11. august kl. 11.00**
Gudstjeneste

**18. august kl. 11.00**
Misjonsgudstjeneste'

**25. august kl. 11.00**
Oppstartsgudstjeneste

**8. september kl. 11.00**
Gudstjeneste

**15. september kl. 11.00**
Konfirmantpresentasjon

**29. september kl. 11.00**
Høsttakkefest

## Nedstrand kyrkje

**16. juni kl. 11.00**
Friluftsgudstjeneste

**7. juli kl. 11.00**
Gudstjenste

**21. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste

**11. august kl. 13.00**
Gudstjeneste

**25. august kl. 11.00**
Gudstjeneste

**15. september kl. 11.00**
Hausttakkefest,
konfirmantpresentasjon

## Skjoldastraumen kyrkje

**23. juni kl. 13.00**
Gudstjeneste

**14. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste

**4. august kl. 11.00**
Gudstjeneste

**18. august kl. 11.00**
Gudstjenste

**8. september kl. 11.00**
Gudstjeneste

**15. september kl. 16.00**
Hausttakkefest,
konfirmantpresentasjon, jubileum.

## Førre kirke

**9. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste

**28. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste

**1. september kl. 11.00**
Gudstjeneste

**22. september kl. 11.00**
Gudstjeneste

## Tysvær kyrkje

**9. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste

**23. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste

**28. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste

**11. august kl. 19.00**
Jazzmesse

**1. september kl. 11.00**
Konfirmantpresentasjon

**15. september kl. 15.00**
Hausttakkefest

## Bokn kyrkje

**16. juni kl. 11.00**
Friluftsgudstjeneste

**30. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste

**21. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste

**4. august kl. 13.00**
Gudstjeneste

**25. august kl. 11.00**
Konfirmantpresentasjon

**15. september kl. 11.00**
Hausttakkefest